

Stadnamn for Luster – bruk av stadnamnbasen på Internett

Føredrag på stadnamnmøte i Gaupne, 11.2.2015.

Av Randi Melvær, Fylkesarkivet

(1) Alle dei 26 kommunane i fylket får publisert nokre av namna sine på Internett. 18 kommunar har ute alle stadnamna. Til saman ligg det ute om lag 190 000 stadnamn på www.fylkesarkiv.no og på www.fylkesatlas.no. Det er samla inn 250 000 namn. Akkurat no publiserer vi stadnamn for Luster og Stryn med ca. 9 000 på kvar av kommunane førebels.

For Luster har det tidlegare blitt samla inn ca. 11 000 stadnamn. No er det blitt rundt 20 000 namn.

Kart, namnelister og opptak blir sendt frå kommunen inn til Fylkesarkivet. Her blir alt registrert og lagt inn i systemet i magasinet. Etter kvart som eit kartblad er fullstendig med kart, namnelister og opptak, blir kopi av namnelistene og opptaket sendt til vitskapleg handsaming og punching. Dette er det ein norskfilolog som står for, Kristian Solvang. Han er spesialist på stadnamn og har skrive hovudfagsoppgåve om stadnamn frå Nordsida i Stryn. Når Kristian har handsama namna for eit kart, digitaliserer eg punkta på eit elektronisk kartbord, og koplar kvart enkelt punkt mot namnet i databasen. Midt på natta etter at dette er gjort, blir namna synlege på nettet. Namna er tilgjengelege for forskning, praktisk bruk, reiseliv, friluftsliv og forvaltning (vegadresser t.d.).

(2) [Her er heimesida til Fylkesarkivet](#). Dette er [dei tilsette](#), klare til å hjelpe brukarane våre.


(3) Dette er også heimesida. Sjå til høgre «Bruk av arkiv og samlingar» og trykk på «Søk i databasane»

The screenshot shows the website for SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE Fylkesarkivet. At the top right, there is a search bar with a 'Søk' button. Below the search bar is a navigation menu with links for 'Om Fylkesarkivet', 'Arkiv og kjelder', 'Våre tenester', 'Prosjekt', 'Lenker', and 'English'. The main content area features a profile for Jacob Walnum, a priest and itinerant farm agent, with a portrait and a short biography. Below the profile, there is a section titled 'Aktuelt' with a notice about the library being closed on August 18th. In the bottom right corner, there is a box titled 'Bruk av arkiv og samlingar' with links for 'Komme i gang', 'Søk i databasane', 'Bruk av lesesalen', and 'Arkivkatalogar'. The 'Søk i databasane' link is circled in red, and a red arrow points to it from the right.

(4) Her er alle databasane Fylkesarkivet har.

Om Fylkesarkivet Arkiv og kjelder Våre tenester Prosjekt Lenker English

Heim >
Søk i basar



Kulturhistorisk Leksikon
Lyd og levande bilete
Digitaliserte protokollar/bøker

Gardar og stolar
Gardsleksikon
Stølsleksikon
Stølsregister i 1930-åra

Kommunale og private arkiv
Arkivkatalogar
Saksregister møtebøker - formannskap
Personregister møtebøker - formannskap
Lag og organisasjonar med arkivopplysingar
Amerikabrev
Amerikabrev - Personar omtalt

Foto
Fotoarkiv
Flyfoto
Avbilda personar

Musikk
Opptak og lydprøver
Platesamling

Stadnamn og gardsnamn
Lokale stadnamn
Gardsnamn Uluf Rygh
Tilvektskatalog

Matriklar og andre kjelder
Matrikkelen 1838
Matrikkelen 1890
Matrikkelen 1950
Panteregister ca. 1800-1940
Forlikskommissjon - saksregister
Skifte 1700-1860
Skifte indre Sogn 1600-1850

Manntal og folketeljingar
Manntal 1701
Folketeljing 1801
Folketeljing 1825
Folketeljing 1835
Folketeljing 1845
Folketeljing 1855
Folketeljing 1865
Folketeljing 1900

Kyrkjebøker og utvandring
Fødde
Gravlagde
Vigde
Inn- og utflytte
Emigrantar 1874-1924

Kulturspor:
Kulturspor

Digitale læringsressursar:
Digitale læringsressursar

(5) Dette er valet for å søke i stadnamna: «Stadnamn og gardsnamn», vel «Lokale stadnamn».

(6) Det aller enklaste søket er: søk på fylke Sogn og Fjordane og kommune Luster. Felte nedover i søkebilete er: gardsnummer, kartnummer, stadnamn, preposisjon, naturkategori, kulturkategori, informant, merknad, berre stadnamn med ferdig lyd-prøve, berre stadnamn med bilete. Men no søkte vi berre på fylke og kommune.

Stadnamn

Fylke:

Kommune:

Gardsnummer (Ikke bruksnummer): -

Kartnummer:

Stadnamn:

Preposisjon:

Naturkategori:

Kulturkategori:

Informant:

Merknad:

Berre stadnamn med ferdig lydprøve:

Berre stadnamn med bilete:

(7) Vi fekk 11 488 treff (7.7.15) som blir vist alfabetisk. Vi kan bla oss frå side til side med 25 namn pr. side. Her ser vi normert form (normert etter opptaket), lydskrift eller uttaleform, kommunenamn, gards- og bruksnummer, kartnummer og namnenummer. Så er det laga plass til lyd-opptaket og plass til bilete, så finn vi kartsymbolet. Blå farge viser at eg kan trykke på skrifta eller symbolet og gå vidare.

Stadnamn

Side 1 av 460
Fann 11488, viser 1 - 25

Neste ▶

Normert form	Uttale	Kommune	Gnr./bnr	Kart nr.	Uttale	Bilete	Kart
Abbeluberget	"abelu:bæрге	Luster	140.5	AX07853-276			
Ablusteinen	"ablustai:n	Luster	91.3	AX08152-201			
Adamlinja	'a:damlinjao	Luster	95.6	BD07954-362			
Adams Mølle	'a:dams "møle	Luster	96.13	BD07951-42			
Adnolabakken	"adnolabaken	Luster	69.1	BE07852-185			
Aksli	'åksli	Luster	20.felles	BG08553-3			
Aksli	'åksli	Luster	201.1	BD08552-31			
Albertinja	'albertinjao	Luster	.	BD07751-237			
Aldergåttjølet	"aldergåttjø:le	Luster	fleire.	BE08651-53			
Aldergåttgrovi	"aldergåttgro:vi	Luster	fleire.	BE08651-55			
Allmannaberget	"almanabæрге	Luster	117.1,2	BD07851-104			
Allmannaberget	"almanabæрге	Luster	117.1,2	BD07851-51			
Allmenningsvegen	"almEningsvE:gen	Luster	144.1	AX07853-47			
Almane	"almad*n	Luster	132.13	AW08253-17			
Almane	"almad*n	Luster	44.5	BF08151-129			
Almane	"almane	Luster	209.2	AX08552-95			
Almane	"almad*n	Luster	182.11	BE07852-148			
Alme	"alme	Luster	141.1	AX07853-190			
Almebakken	"almebak*n	Luster	132.13	AW08253-38			
Almebakken	"almebaken	Luster	112.4	BD07954-19			
Almebakken	"almebaken	Luster	146.1	AW07852-13			
Almebekken	"almebaiKen	Luster	106.1	BE07953-56			
Almeholet	"almehá:le	Luster	32.1	BF08153-343			
Almeknubben	"almeknub*n	Luster	132.13	AW08253-22			
Almekråberget	"almekråbæрге	Luster	204.4	BE08653-70			

Side 1 av 460
Fann 11488, viser 1 - 25

Neste ▶

(8) Eg vel Almekråberget i lista. Innsamlingsnummer 70, Almekråberget normalform, uttaleform "almekråbærgen, preposisjon manglar, truleg i, merknad: skar nede i fjellet. Ledd: utmerkingsledd Almekrå, bindeledd manglar, hovudledd berg, bestemt artikkel –et. Naturkode N145 Skard, gjel, juv. Fylke- og kommunenamn og nummer. Gards- og bruksnummer Fåberg 204/4 Kartnummer – kartnamn – rute: BE08653 Fåberg, D1. Informant Alfred Horpen. Nedst på sida er namnet si plassering på fylkesatlas. Her ser vi nokre av funksjonsknappane som vi nyttar i fylkesatlas, flytt, forstørring og liknande.

◀ Forrige

Stadnamn 25 av 11488

Tilbake til lista

Neste ▶

Innsamlingsnr	70
Normform	Almekråberget
Uttale	"almekråbærgen
Preposisjon	
Merknad	Skar nede i fjellet
Ledd	
Utmerkingsledd	Almekrå
Bindeledd	
Hovudledd	berg
Bunden art	et
Naturkode	N145-Skard, gjel, juv
Kulturkode	
Kulturkode2	
Notat	
Fylke	Sogn og Fjordane
Kommunenamn - nummer	Luster - 1426
Gardsnamn - gnr/bnr	Fåberg - 204/4
Kartnummer - kartnamn - rute	BE08653 - Fåberg - d1
Informant	Alfred Horpen

(9) Søk på gardsnummer: Begynn med fylke og kommune, så gardsnummer 200 Espe: frå 200 til 200. Ikkje bruk bruksnummer her. Elles kan ein søke på fleire gardsnummer t.d. frå 200 til 203.

Stadnamn

Fylke:	Sogn og Fjordane ▾
Kommune:	Luster ▾
Gardsnummer (Ikkje bruksnummer):	200 - 200
Kartnummer:	<input type="text"/>
Stadnamn:	<input type="text"/>
Preposisjon:	<input type="text"/>
Naturkategori	<input type="text"/>
Kulturkategori	<input type="text"/>
Informant:	<input type="text"/>
Merknad:	<input type="text"/>
Berre stadnamn med ferdig lydprøve:	<input type="checkbox"/>
Berre stadnamn med bilete:	<input type="checkbox"/>
	<input type="button" value="BLANK"/> <input type="button" value="SØK"/>

(10) Eg fekk 178 treff på gardsnummer 200. Dvs. at 178 namn i innsamlinga er merka med gardsnummer 200.

(11) Så vel eg det første på lista: Almeskori, innsamlingsnummer 254, preposisjon i. Merknad: «hulle i bratte bakkane, der finst ein del almeskog». Ledd: Alm, e, skor, i. Naturkode N146 Skor, skorte. Kulturkode K193 Skogen, ymse bruk. Gardsnamn Espe gardsnummer og bruksnummer 200/1,3. Kartnummer og namn, rute: BD08554 Gjerde, F3. Informant Jostein Kreken, Erik Espe. Manglar kartfesting.

(12) Søk på kartnummer: Fylke, kommune, kartnummer BE07852. Dette kartet heiter Kroken.

(13) Fann 414 stadnamn. Her ser vi kartnummer og innsamlingsnummer. Eit stykke nede på lista finn vi Budeiebekken, nr. 56. Kroken 182/1.

(14) Budeiebekken er drikkevatt for beitedyra, kulturkode K182 Vassforsyning, bekk eller kjelde. Informant Mons Kroken.

(15) Søk på stadnamn: Skriv så kort som råd og bruk prosentteikn. Kva% No vil alle namn kome opp som startar på Kva.

Stadnamn

Fylke:	Sogn og Fjordane ▼
Kommune:	Luster ▼
Gardsnummer (Ikkje bruksnummer):	<input type="text"/> - <input type="text"/>
Kartnummer:	<input type="text"/>
Stadnamn:	Kva%
Preposisjon:	<input type="text"/>
Naturkategori	<input type="text"/>
Kulturkategori	<input type="text"/>
Informant:	<input type="text"/>
Merknad:	<input type="text"/>
Berre stadnamn med ferdig lydprøve:	<input type="checkbox"/>
Berre stadnamn med bilete:	<input type="checkbox"/>
	<input type="button" value="BLANK"/> <input type="button" value="SØK"/>

(16) Eg fekk 31 treff. Eg vel det nedste namnet på første sida Kvannfosslopen.

(17) Kvannfosslopen, 'kvanfåslå:pen. Stad der sauene kan gå skorfaste. Kulturkode K137 Skårfeste. Kroken 182/10. Kartblad BE07854 Bjørkeneset E2. Informant: Lars Støfringshaug.

(18) Søk på preposisjon: Fylke, kommune, preposisjon. Det vanlegaste er at det ikkje er oppført preposisjon på listene. Dersom det står er det ofte på eller i. Her søker eg på %uti%, merk at eg brukar prosentteikn før og etter.

(19) Eg fann 22 stadnamn med preposisjonen uti og vel Halrunnskleivi.

(20) Halrunnskleivi. Merknad Kleiv, skogledd. Naturkode N120 skråning. Notat frå filologen: «Normering av føreleddet er usikkert. Kvinnenamnet Halrunn eller Halvrunn?» Alme 141/7 AX07853 Berrsetno A2. Informant Sigrid H. Wenjum.

(21) Søk på naturkategori. Her er kategoriar som skildrar naturformen. Her vel eg i rullegardinmenyen mellom 84 kategoriar, og eg vel N123 Heng, flog, stup. Her kan det ofte vere spanande historier eller segner.

Stadnamn

Fylke:

Kommune:

Gardsnummer (Ikkje bruksnummer): -

Kartnummer:

Stadnamn:

Preposisjon:

Naturkategori:

Kulturkategori:

Informant:

Merknad:


Berre stadnamn med ferdig lydprøve:

Berre stadnamn med bilete:

(22) Eg finn 19 stup og vel Hermundsspranget.

(23) Her finn vi ein liten historie: Hermundsspranget: «Han Hermund datt utøve her og slo seg». Mjelvær 202/7. Informant Anders Bjørkehaug. Så går eg attende til trefflista.

◀ Forrige	Stadnamn 8 av 19	Neste ▶
	Tilbake til lista	
Innsamlingsnr	36	
Normform	Hermundsspranget	
Uttale	"hærmunsprånge	
Preposisjon		
Merknad	Han Hermund datt utøve her og slo seg ein gong.	
Lødd		
Utmerkingsledd	Hermund	
Bindeledd	s	
Hovudledd	sprang	
Bunden art	et	
Naturkode	N123-Heng, flog, stup	
Kulturkode	K251-Ulukke, naturkatastrofar	
Kulturkode2		
Notat		
Fylke	Sogn og Fjordane	
Kommunenamn - nummer	Luster - 1426	
Gardsnamn - gnr/bnr	Mjelvær - 202/7	
Kartnummer - kartnamn - rute	BD08654 - Mjelvær - E5	
Informant	Anders Bjørkehaug	



- (24) Denne gangen vel eg Preikestolen: «Fjell rett ned i sjøen, ser ut som ein preikestol». N123 Heng, flog, stup, kulturkode K300 Lokalitet jamnføringsnamn. Kroken 182/1
- (25) Så kan vi søke på kulturkategori, det er 90 å velje mellom. Desse skildrar bruken av ein stad i fortid eller i notid. Vi vel K112 Husmannsplass.
- (26) Førebels finn vi 130 husmannsplassar. Eg har blitt spurt om alle husmannsplassar kjem inn her. Det er avhengig av merknadsfeltet på listene, at dei som har skrive lister har ført opp husmannsplass. Eg vel Dokka-Perplassen og Monsatuftene.
- (27) Dokka-Perplassen: Husmannsplass på Hillestad 155/2. Informasjon: Matrikelopplysningar og Johannes Hillestad. Eg går attende til lista og blar meg fram til neste:
- (28) Monsatuftene: «Ein som heitte Mons bygsla plassen» Kulturkategori K112 Husmannsplass. Den er også oppført som K114 Tuft. Gardsnummer 24/1 Moen. Kart BG08354 Mørkrid C5. Informant Kristen Moen.
- (29) Eg søker på informant. Her er det også lurt å forkorte namnet: %Ingol% og eg bruker prosentteikn før og etter.
- (30) Eg fekk 49 treff.
- (31) Eg vel Albertlinja som har informant Ingolf Kvalen.
- (32) Så søker eg i merknadsfeltet eller opplysningsfeltet på %hage% Eg bruker prosentteikn før og etter.
- (33) På dette søket får eg 129 treff. Eg vel det første stadnamnet – Albertlinja - og trykker på kartsymbolet.
- (34) Så kom vi rett til fylkesatlas og ser kvar Albertlinja ligg i terrenget.